
Saksnr: 2021/2524-1
Saksbehandlar: Audun Erik Gisle Sunde
Dato: 26.01.2021

Til: Hovudutval for næring
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

Orientering om arbeid med batterifabrikketablering i Vestland

18. november 2020 vart det kjent at Panasonic, Equinor og Hydro fram mot sommaren 2021, ville vurdere moglegheitene for å etablere batterifabrikk i Noreg. Fylkeskommunen etterlyste tidleg meir informasjon og tilbød medspelarrolle for å identifisere høvelege lokaliseringskandidatar.

Meir detaljar frå konsortiet kom 21. desember 2020. Informasjon vart lagt ut på nettsidene til prosjektet (<https://jointbatteryinitiative.com/index.html>). Denne vekte stor merksemd landet rundt. Selskapa ønskte dialog med norske kommunar og regionar for å identifisere aktuelle stader der det er mogleg å byggje ein storskala batterifabrikk. Blant krava som vart stilte var 100 MW kraftforsyning (som kan utvidast til 300 MW på sikt), 400 dekar tomt (med utvidingspotensial til 1000 daa), moglegheiter for å rekruttere 2 000 medarbeidar (både faglærte og med høgre utdanning), samt moglegheiter for byggjearbeid seinast 2023 og oppstart i 2025. Målet er å identifisere 10 - 15 moglege stader, der ein skal stå att med maks tre konkurransedyktige alternativ innan midten av 2021.

For å unngå at dette gjekk under radaren, kontakta fylkeskommunen alle kommunane i fylket. Fylkeskommunen tilbød å levere aktuelt bakgrunnsmateriale som kommunane (eventuelt sjølvstendige initiativ) måtte ha nytte av til innmelding av sine kandidatur. Det vart vidare vedteke å utarbeide prospekt/felles informasjonspakke som desse kunne bruke.

Fylkesordføraren inviterte kommunane til fleire Teamsmøte, der det vart orientert om tenking og framdrift. Prinsippet var at kommunane (eventuelt andre tomteinteressentar) sjølve meldte inn kandidatur, mens fylkeskommunen er nøytral og heiar på alle gode initiativ frå Vestland fylke. Det felles informasjonsmaterialet, så vel som tilnærminga og prosessen elles, synest å ha blitt tatt godt imot.

Omtale av materialet, og lenke til dette, ligg på <https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2021/-vestland-har-alt-batterifabrikken-treng/>

Fristen for å melde inn kandidatur var 28. januar 2020. Frå Vestland er det i sum peika på 12 tomtealternativ. For landet under eitt, har 82 kommunar meldt inn 100 tomtealternativ (jf. https://jointbatteryinitiative.com/Stor_interesse_for_mulig_lokalisering_av_ny_batterifabrikk_i_Norge.html).

Fylkesordføraren har invitert kommunane til oppfølgingsmøte tidleg i februar.